# KYRKJEBLAD

FOR

# DAVIK

| Nr. 145 | Kjem ut 4 gonger årleg | Desember 1943 | Utgjevar og redaktør: Prost R. J. Slaattelid Davik | 14. årg. |
|---|---|---|---|---|

## Olav Trygvessons bøn.

*Lova vere du, allveldige Gud, høge herre og hovding! Du åleine er den høgste konge over alt det skapte. Deg lovar eg og deg tilber eg og deg takkar eg for alle dei kjærleiksgåver som du ufortent har gjeve meg. Himmerikes konge, velsigna Gud, høyr no mi bøn. — Eg bed deg, herlege herre, at du gjev dette folket ditt frelse og hjelp, fred og lukke, godt år og glede og alle gode ting, og framfor alt kjærleik, at vi elskar deg all vår tid, medan vi lever, så at vi av deg kan få siger og sæle, sømd og sjelebot i denne verda og den ævelege fagnad i den andre verda. Amen.*

---

## Der tindrer et lys.

Der tindrer i julenatten et lys,
så mildt som en lokkende kallen,
det glimter som fyret, der viser vei,
og det kommer fra Betlehemsstallen.

Jeg øyner et tog av bøyde menn,
av barn og bedrøvede kvinner,
de følger den sti, hvor lyset enn
på hyrdenes fotspor skinner.

Og selv om tusen døre blev lukt,
og sperredes tusener veie,
aner jeg dog der er plass for meg
ved Jesu fattige leie.

Der klinger som fordum: »Fred på jord!«
Og pris være Gud i det høye!«
— Da er det som gled der en barnehånd
over mitt duggete øye.

Det lysner i natten, mitt hjerte ei mer
så angst og urolig banker;
barnet i krybben har fylt min sjel
med julens evige tanker.

Jacob Paulli.

---

## Guds allmakt.

Ikke så sjelden treffer en mennesker som føler det vanskelig å tro på Guds allmakt. Den kristne kirke bekjenner jo at den tror på *Gud Fader den allmektige.* Nettopp i dette ligger vanskeligheten: *Fader* (dvs. kjærlighet) og på samme tid *allmektig.* Skarpest har vel tenkeren Stuart Mill formulert denne vanskelighet når han sier at enten er Gud kjærlighet og ikke allmektig, eller så er Gud allmektig og ikke kjærlighet. Begge deler kan Gud ikke være, for da vilde det se annerledes ut i verden.

Den engelske historiker Carlyle bebreidet historikeren Froude hans mangel på tro. Froude svarte da at han ikke kunde se at Gud gjorde noen ting. Carlyle sto og tenkte en liten stund, så gjentok han stille og oppgitt: »Han gjør ingen ting.« Han følte seg lammet og overveldet av Guds tilsynelatende passivitet og avmakt.

Og hvilket menneske er det som — med tanke på verdens eller sin egen nød — ikke av og til må tenke: »Kunde ikke Gud *gjøre noe mere* for å få has på det onde?«

I den senere tid har jeg hørt kristne mennesker si: »Vi tror tidens nød og elendighet skal bøye menneskehjertene inn under Gud, men skal krigen vare stort lenger, kan jeg ikke skjønne annet enn at menneskene blir så bitre at det ingen grobunn blir for evangeliet. De ser ikke Guds kjærlighet bak det som skjer.« Underforstått: Gud må gripe inn! Ikke tillate at krigens verdensbrann raser lenger! Demonstrere sin allmektige kjærlighet! No!

Det er tanker som altfor lett kan vinne gjenklang i våre hjerter.

Men overfor Gud kan vi ikke møte opp med krav om lempelig behandling. Vi må heller ikke la noe forvirre vår tro.

Utgangspunktet for vår tro på den allmektige Fader er jo ikke en betraktning av verden og et derigjennom vunnet sannsynlighetsbevis for Guds vesen og egenskaper. Grunnlaget for troen er dette: å være »grepet av Kristus«, som Paulus uttrykker det. Grepet av Kristi hellighet, sannhet og nåde. Troen er ikke en intellektuell innstilling overfor tilværet; den er et livsforhold til den levende Kristus. I ham ser vi Gud. Han og Faderen er ett. Når da han som er sannheten sier: »Meg er gitt all makt,« så tror vi på hans allmakt. Og på sannheten av det gamle salmeord: »Alle ting er dine tjenere« (Sml. 119, 91).

Gud gjør alle ting til tjenere for sin frelsesplan både med den enkelte og menigheten. — Kunde vi se til bunns i sjelenes historie, i nasjonenes historie, i universets historie, vilde vi se dette bekreftet. Har Gud gitt oss frie viljer, så tar han ikke dette personlighetens adelsmerke fra oss, selv om vi misbruker det til det

onde, men tvinger oss til, hva enten vi vil eller ikke, å fremme hans planer.

Det er intet som forbyr meg å tro at bakom alt som skjer styrer Gud, med allmektig kjærlighet og med respekt for den enkeltes frie vilje, verdensutviklingen fram mot det store fullendelsens mål som heter: Guds rike.

En *trossak* er det, det er så, men det kan ikke annerledes være. Så lenge vi lever her i verden, lever vi i tro, ikke i beskuelse.

*A. N.*
(i Hilsen fra Diakonhjemmet).

---

## Gjennom minefeltet.

Man får så mange slags underlige tanker når man står slik i vinternatten på skipets kommandobru og klemmer rattet med stivfrosne fingrer. Man hører det monotone brus fra havet, man lytter til vindens sus i takkel og tau, til tonene fra bølgegangen.

Under seg kjenner man maskinens hjerteslag. En sotet fyrbøter synger sine vemodige viser — et uttrykk for hans lengsel etter de kjære som venter, — venter på ham. Den samme lengsel griper oss alle. Heim! Heim!

Førstestyrmann var for et øyeblikk siden oppe på broen. Han kastet pliktskyldig et blikk på kompasset som henger derinne i natthuset; så trampet han noen ganger fram og tilbake, stirrende ut i mørket. Jeg så at han lot hånden stryke prøvende over tauene til styrbords livbåt. Det hører til hans plikter å se til at slike ting er i orden om noe skulde hende.

Om noe skulde hende! Hver time, hvert minutt, ja, hvert sekund i døgnet er like usikkert. Det er vanskelig for en landkrabbe å fatte alt som kan røre seg i et menneskes indre når han slik som vi, skal finne veg for skipet rett gjennom ett av de farligste minefeltene. Hva hjelper varsomhet og påpasselighet no? Er man heldig, når man havn. Er man ikke heldig — no, ja. For en sjømann gjelder det kanskje mer enn for andre mennesker å holde rett kurs også for vegen på den andre siden.

Forresten, det er no ikke bare et spørsmål om hell og uhell. Alt som skjer har en mening, og Gud mener vel også noe med alle disse ofrene. Når alt kommer til alt er det mennesket selv som bestemmer sin skjebne. Vi har jo en gang for alle fått våre ordrer fra høyeste hold. Det er ikke noe annet som fordres av oss enn det som kan innbefattes i det ene ordet: *Lydighet.*

Vi, mannskapet, får våre ordrer fra styrmennene, som igjen får dem fra kapteinen. Og han har jo rederiets direktiver å gå etter. Men Gud har satt ut kursen for oss alle sammen. Fedrelandet behøver oss. Det kunde kanskje blitt skralt med matbitene derheime om vi ikke tok denne risiko. Og hvordan skulde landets finanser se ut, dersom vi ikke gikk ut?

Langsomt tikker klokken på skottet bakom meg. Langsom kryper tiden for avløsningen fram. Det er jo ønskevær for en sjømann, og hvert slag av propellene fører oss nærmere heimlandets kyster.

Om det bare ikke hender noe....! Om det bare kunde lykkes oss å krysse forbi alle disse runde, farlige tingestene som er strødd ut over havet til død og ødeleggelse! Jeg vet ikke hvorfor, kanskje det er gammel vane — eller kanskje fordi tiden snegler seg så langsomt fram, men der ligger en vise på leppene. Jeg har den på tungen, og jeg kan ikke for mitt bare liv bli kvitt den. Vest, nordvest er kursen, så jeg. Bare en liten vridning på rattet, og jeg har fått båten på rett kurs igjen....

»....Varför skall väl mänskan strida,
varför skall man gjuta blod?....«

Så banale er ordene, så dumt er spørsmålet. Det kan jo aldri gis et ærlig svar. Jeg strekker hånden mot skipsklokken rett foran meg og slår »utpurringsglasset«. Ett sekund etter ser jeg en lyskjegle gjennom mørket der forut. Babords vakt er våken og gjør seg klar til å overta ansvaret.

No kommer styrmannen opp på brua igjen. Han står lenge ved rekkverket og speider ut i mørket. Da ser jeg ham plutselig springe til siden; jeg hører han utstøter et lite rop. Enno dirrende av skrekk peker han utover. Og jeg forstår. I det grønne skjæret av styrbords lanterne hadde han sett døden. Det var bare noen få meter som skilte oss fra den farlige minen. For annen gang så jeg ham gå og føle på tauene til styrbords båt. Det kunde jo tenkes at noen av oss kunde nå livbåten. Det beror på hvor minen rammer. Det har endog hendt at alle mann har nådd til båtene....

Det var bare jeg og styrmannen som ante hvor nær det var denne gangen. Ikke engang utkiken der fremme på bakken hadde sett noe; og etter frivaktens leven å dømme, kunde man forstå at de for et øyeblikk hadde glemt vår farlige stilling. Vi hørte en le. Det var som vanlig noen som spillet en kamerat et puss. Jungmann Bergmann hadde til og med funnet fram munnspillet. Han kunde spille den karen. Kanskje var det bare et slumpetreff at han av sitt rikholdige repertoar hadde valgt nettopp den visen som under hele vakten hadde ligget meg på tungen. Eller kanskje var det fordi han var så ung at han ikke vilde vise oss eldre kamerater at han innerst inne var så redd.

»......Varför skall väll mänskan strida....«

Det var for mørkt til at vi fra brua kunde se hva som gikk for seg der forut på bakken. Men vi hørte litt bråk, en basrøst fra en av matrosene, og i skinnet fra sidelyset så vi en liten blank gjenstand fare ut over relingen. En eller annen hadde slengt jungmann Bergmanns munnspill overbord. Og jeg hørte styrmannen mumle noe mellom tennene: »Det er ikke tiden til å spille og synge no,« sa han. »Vi får vente med det til vi kommer i havn.... om vi noen sinne kommer i havn.«

*Bare en sjømann*
(I »De våra i främmande land«)

---

## Bibelen.

Når så altfor mange mennesker i dag er forvirret og lamslått over det som skjer i vårt moderne Babel, så kommer det ikke minst av at de har vennet seg av med å lese Bibelen. Deres perspektiv er for kort, deres sammenlikningsmuligheter for begrenset og deres dommer derfor altfor unyansert og forhastet. Folket vilde få en ganske annen fast stil, om dets ansvarlige ledere og opinionsdannende menn og kvinner hver dag leste og grunnet over Bibelen. For det å oppdage

Bibelen, det er å oppdage det mest enestående av alle livsperspektiver og stilles overfor det dypeste syn i historiens innhold: Guds handling med den enkelte og med folkene.

I Bibelens lys tar tilværelsen seg annerledes ut. Fra første til siste blad lyder et bestemt tema: Jeg, Gud, har skapt deg, menneske, til mitt arbeide. Jeg, Gud, har kalt deg, menneske, til min tjeneste. Jeg, Gud, har en gang åpenbart meg i menneskelig skikkelse gjennom Jesus Kristus. Ditt liv, menneske, er et valg mellom meg og deg selv. Dette er det eneste du stilles overfor: Å følge eller svikte. Å følge er å tjene meg, og jeg er kjærligheten.

— Hver gang jeg tar min lille lommebibel i hånden, blir jeg slått av det forbausende faktum at så meget kan rommes inne i den. Alt menneskelig, det laveste som det høyeste, lever der. Det finnes ikke én menneskettype, ikke én forbrytelse, ikke én erfaring, én drøm eller heltegjerning som ikke har fått sin klassiske utforming i Bibelen. Det er et hav av menneskekunnskap, skjønnhet og humor — ja, også humor. Alt det skaldene skaper, blir, når det er best, kun variasjoner av det som allerede er i Bibelen — klarere, mer fulltonende.

*Harry Blomberg.*

---

†

## Våre døde.

25. aug.: Ane Simonsdtr. Myklebust, kona til Lars E. Myklebust; f. 1867 i Førde.
25. aug.: Anne Ulriksdtr. Liset, kårenkje; f. 1848.
26. aug.: Jetmund Andersson Myklebust, e., kårmann; f. 1862.
31. aug.: Gunhild Olsdtr. Brunsvik, kårenkje; f. 1852 i Sunnelven.
31. aug.: Guttorm Bergesson Humborstad, e., kårmann; f. 1850 i Eid.
10. sept.: Ole Andersson Maurstad, g. gardsarb., f. 1867.
22. sept.: Ane Bertine Lund, kona til Kristen Lund, Bryggja; f. 1860 i Breim.
23. sept.: Pernille Knutsdtr. Elde, kårenkje; f. 1867.
30. sept.: Peder Knutsson Solibakke, g. gbr.; f. 1898.
1. okt.: Else Paulsdtr. Haukedal, f. 1943.
5. okt.: Anders Jonsson Tenden, Totland; e. kårmann; f. 1855 i Stryn.
11. okt.: Johan Pedersson Førde, g. gbr., f. 1876.
17. okt.: Matias Matiasson Stave, g. sjømann; f. 1907. Overkøyrd av eit tog på Örtofta, Sverige.
20. okt.: Ingvald Ingebrigtsson Bergheim, Åsnes; g. gbr.; f. 1895 i Breim. Drukna i Eid.
23. okt.: Mons Josefsson Askeland; ug. gbr.; f. 1872.
27. okt.: Synneve Abrahamsdtr. Berle; ug. invalid; f. 1884.
3. nov.: Brite Iversdtr. Elde, kårenkje; f. 1861 på Nore.

*Hjelp meg i den siste vakt!*
*Kle meg i din hvite drakt!*

---

## Notisar.

*Døypte:* 22. aug.: R e i d a r S i g v a l d, f. 19. mai av f. Karl Matiasson Ødegård og k. Målfrid Larsdtr. (f. Førde). — S. d. B j ø r g, f. 14. juli av f. Ingvald Matiasson Ødegård og k. Hanna Rasmusdtr. (f. Svarstad). 11. sept. K n u t, f. 14. juni av f. Oskar Didriksson Rimstad og k. Gudrun Knutsdtr. (f. Olsen). — 26. sept. E l i s a J o r u n n, f. 10. juni av f. Martinus Jakobsson Solibakke og k. Signy Martinusdtr. (f. Nore). — 1. okt. heimedøypt E l s e, f. 1. okt. av f. Paul Paulsson Haukedal og k. Jenny Larsdtr. (f. Gloføk).— 3. okt. M a g n e, f. 29. juli av f. Ola Matiasson Strømmen og k. Berta Jonsdtr. (f. Fløtre). — S. d. O l e R o s e t, f. 2. aug. av f. Bernhard Ellingsson Bortne og k. Pernille Olsdtr. (f. Roset). — S. d. P e r L e i v, f. 5. aug. av f. Alfred Pedersson Kolset og k. Klara Ludviksdtr. (f. Nessestrand). — 5. nov. L i v K a r i n, f. 10. sept. av f. Ingvald Pedersson Skareide og k. Borghild Olsdtr. (f. Storemark). — 7. nov. R i g m o r M a r i e, f. 3. aug. av f. Anders Korneliusson Refvik, Isane, og k. Helga Kristiansdtr. (f. Rise).

*Ektevigde:* 11. sept. Matias Didriksson Rimstad og Åsta Reielsdtr. Fagerlid. — 22. okt. Peder Pedersson Bøen og Karoline Olsdtr. Blålid. — 28. okt. Kolbjørn Martinusson Sigdestad og Karoline Hansdtr. Bruvik.

*Konfirmerte i 1943.* — D a v i k : 5. sept.: Olav Slaattelid, Nils Ivarsen Haugen, Johan Gustavsson Sigdestad, Oddvin Hansson Kolset, Asbjørn Olsson Åse, Valborg Antonsdtr. Endal, Marit Andersdtr. Bakke, Marta Kristofersdtr. Elvebakke, Marie Nilsdtr. Bakke. Å l f o t : 19. sept.: Kristen Tollefsson Førde, Kåre Olsson Torheim, Ottar Rasmussen Vik, Jorunn Monsdtr. Myklebust, Kari Hansdtr. Bruvoll. — T o t l a n d : 26. sept.: Asbjørn Albertsson Hessevik, Martin Albertsson Solibakke, Kåre Jørgensson Hessevik, Kåre Matiasson Hole, Kjell Samsonsson Hamre, Kjartan Pedersson Navekvien, Rolv Johannesson Falkevik, Ingvald Magnusson Angelshaug, Håkon Hansson Rød, Sigvard Pedersson Solibakke, Kåre Didriksson Lågeide, Sverre Jonasson Eldevik, Jorunn Martinsdtr. Eikås, Herdis Jakobsdtr. Holevik, Agnes Gustavsdtr. Myklebust, Annbjørg Torgersdtr. Lykkebø, Ragnhild Larsdtr. Etterdal, Ruth Albertsdtr. Haus, Klara Samsonsdtr. Haus, Olina Kristiansdtr. Nave, Ingebjørg Reidulftsdtr. Eldevik. — R u g s u n d : 3. okt: Arne Haraldsson Skår, Leiv Paulsson Haukedal, Monrad Pedersson Kolset, Hans Pedersson Holmøy, Monrad Martinusson Elde, Reidar Henriksson Kolset, Jon Olsson Nedreberg, Sverre Johansson Haukedal, Klara Kristensdtr. Bortne, Åsta Einarsdtr. Elde, Eldbjørg Pedersdtr. Olsbø, Solveig Alvinsdtr. Rylandsholm, Bjørg Olausdtr. Strømmen, Synneve Larsdtr. Solvang, Jorunn Ottosdtr. Aurvoll, Gyda Ragnvaldsdtr. Storøy, Anny Andreasdtr. Lofnes, Gudrun Ivarsdtr. Nygård.

*Basar:* Davik 1. nov. til N.M.S. og Indremisjonen kr. 491.5.

*Kvittering for kontingent:* R. Bortneskår, Olai Totland, lærar Torheim, Jakob Lilleøen, Elise Rødeggen, Paul Midtbø, Marie Ramsevik, Ivar Furnes, Marta Rimstad, Peder M. Sigdestad, Martinus Høiland, Anders E. Nore, Kristian Nave, Hans Brunsvik, Hans A. Bakke, Iver Bortneskår 3 kr. — Anders Bortneskår, Oline A. Isane, Marta Isene, Iver Kassen, Lars Tytingvåg, Samuel Nordbø, Anders Eldevik, Oline Mettenes, Ingeborg Klubben, Anne Ekerheim Harald Bruland, lærar Bruland, Oline Nordheim 2 kr. — Sivert Ramsevik, Andreas Blindheimsvik 1.50. — Martine Lofnes, Ole A. Torheim, Ragnhild Hessevik, Oskar Wiik, Rasmine Isane, Hans R. Hamre, fru Johanne Davik, Paul Haukedal, Didrik Bortne, Kri-

sten Bortne, Synneve S. Kolset, Kristen Kolsetvik, Kristine Lutentun 5 kr. — Lars Ytreeide 2:50. — Samuel Torheim 6 kr. — Peder Otteren 4 kr. — Tilsaman kr. 154.50.

Hjarteleg takk til alle.

*Gudstenester:*

| | | |
|---|---|---|
| 1. joledag | 25. des.: | Davik. |
| 2. joledag | 26. » : | Rugsund. |
| Nyårsdag | 1. jan.: | Totland. |
| Kristi openb. s. | 2. » : | Kjølsdal. |
| 1. s. e. Kr. op. | 9. » : | Rugsund. |
| 2. —»— | 16. » : | Davik. |
| 3. —»— | 23. » : | Ålfot. |
| 4. —»— | 30. » : | Rugsund. |
| Sund. septuag. | 6. febr.: | Davik. |
| » sexag. | 13. » : | Totland. |
| Fastelags. s. | 20. » : | Ålfot. |
| 1. s. i fasta, | 27. » : | Davik. |
| 2. —»— | 5. mars: | Rugsund. |
| 3. —»— | 12. » : | Kjølsdal. |
| Midfaste s. | 19. » : | Ålfot. |
| Marta bodsk. s. | 26. » : | Rugsund. |

*For 100 år sidan.* Døde: 2. jan. 1844 Eli Rasmusdtr. Torem, føderådskone, 87 år. - 24. febr. Waldemar Hansen Sigdestad, gaardmand, 40 år. — 11. mars Ulrik Augustinusen Elde, 50 år, og Rasmus Augustinusen Rødeggen, 38 år. »Disse 2de druknede. Ligene gjenfandtes ei.« — 23. febr. Gjertrud Christiansdtr. Homborstad, kårkone, 71 år. — 7. mars Ingeborg Samsonsdtr. Rimstad, kårkone, 82 år.

*Åremålsdagar. 80 år:* 29. febr. Jens S. Øvrebø. — 8. mars: Ingebrigt A. Kjøllesdal. — 70 år: 7. jan.: Martines O. Myklebust. — 7. jan.: Isak P. Berle. — 19. mars: Didrik O. Verpeide. — 60 år: 19. febr.: Daniel J. Kjøllesdal. — 8. mars: Rasmus K. Dombestein. — 12. mars: Henrik L. Fløtre. — 50 år: 3. jan.: Matias P. Berle. — 10. jan.: Rasmus S. Lefdalsnes. — 21. jan.: Ole P. Hausle. — 3. febr.: Edvard K. Tytingvåg. — 1. mars: Peder H. Haus. — 16. mars Anders S. Bakke.

*Neste nr. av Kyrkjebladet* skal koma i mars.

---

## Soga um Saul frå Tarsus.

(Framhald).

På den eine sida står det stengde templet, med troppa fullpakka av hylande jødar som tyrstar etter Paulus's blod. På den andre sida står Paulus trygg i ein ring av romerske soldatar. Siste akt byrjar.

XXIV.

Lukas har ein sterk humoristisk sans, og han fortel om alt det komiske som knytte seg til denne hendinga. Soldatane berga han fordi dei trudde han var ein annan. For å få han vekk laut dei langa han opp troppa over hovuda sine som ein annan pakke. Han gjorde atter det same som så ofte før, han tagde om sin romerske borgarrett, til dess dei andre hadde gått vidare enn dei hadde lov til. Alt dette fortel Apostelgjerningane om.

Hin dagen stod då Paulus, liksom Herren sjølv og Stefanus hadde gjort, fram for den høgste domstolen i Israel. Øvstepresten Ananias var eit motbydeleg menneske, grådig etter god mat og pengar; han vart tilslutt myrda i ein kloakk der han hadde gøymt seg for dei som var etter han, straks før Jerusalem vart øydelagt. Det var denne mannen som etterat Paulus hadde sagt nokre få ord, baud tenarane å slå han på munnen. Dette var den grovaste krenkink som ein kunde gjera ein jøde, og Paulus svara han kraftig: »Gud skal slå deg, din kalka vegg! Her sit du og skal døma meg etter lova, og så seier du tvert imot lova at dei skal slå meg!« Etter vår bibelomsetjing bad Paulus om orsaking for dette; han visste ikkje at det var øvstepresten sjølv. Men mange meinar at orda hans i røynda tyder: »Det var ikkje å venta at eg kunde kjenna att øvstepresten i ein slik fyr.«

Det vart meir og meir ståk i rådet. Klaudius Lysias, kapteinen, laut senda bod etter heile kompaniet sitt, og likevel var det nett så mykje at han fekk Paulus uskadd bort.

Lukas fortel ingenting om at kyrkjelyden i Jerusalem gjorde noko for å koma Paulus til hjelp. Men stoda var svært vanskeleg. Jakob levde i fred med tempelstyremaktene, og det var best for kristendomen si sak at ein ikkje blanda seg opp i denne striden mellom Paulus og rådet. Det var ein nervøs unggut som kom med melding til barakkene at førti fanatikarar hadde svore å snikmyrda Paulus straks. — Klokka 9 same kvelden stod 200 legionærar, 200 skyttarar og 70 ryttarar utanfor borga med ordre om å føra fangen til Cæsarea. Neste ettermiddagen kom han til denne praktfulle heidningbyen ved havet, der romarane heldt vakt over det underkuva landet, og dei kristne der som hadde spått om hans martyrdød og no såg han rida gjennom gatene i lekkjer, bøygde hovuda og sa: »Skje Herrens vilje.«

XXV.

Antonius Feliks, prokuratoren, som Paulus no fall i hendene på, var ein grekar som saman med bror sin, Pallas, hadde fått mykje å seia hjå keisar Klaudius. Han hadde gift seg med kona til ein annan mann, og han og Druvilla var smarte og samvitslause folk. Då han sette seg inn i saka åt Paulus, såg han snart at her var ingenting som han trong til å gjera noko med, men han vilde gjerne stå seg godt med dei jødiske autoritetane, og difor sa han at han laut ha fleire opplysningar, og let Paulus verta sitjande i mildt fangenskap resten av si embetstid. Dette var i røynda eit stort gode for Paulus og kyrkja. Han var utanfor fåre for ei tid, helsa hans kom seg venteleg, og denne lange fengslinga må ha mildna dei jødekristne sine hjarto. Desse to åra verka utan tvil til forsoning og forståing.

Men den store skatten som venteleg nettopp desse to åra gav til kyrkja, var Lukas-evangeliet og fyrste luten av Apostelgjerningane. Lukas tek Markusevangeliet eller ei liknande forteljing som grunnlag for si bok, men kjem med mykje nytt stoff. I Cæsarea hadde han høve til å tala med augnevitne, å setja seg inn i det som før var skrive om Herrens liv og å gjera etterrøkjingar om Jesu barndom. På denne måten fekk han tak i forteljingane om Jesu fødsel i kap. 1 og 2. Den skriv seg utan tvil frå Maria sjølv.

(Meir).

Ed. B. Giertsens Boktrykkeri.